



Andre Kjetså  
Andøysløyfen 10  
4623 KRISTIANSAND S

Vår ref:  
2022/530-2

Sakshandsamar:  
Signe Sollien Haugå  
Signe.Sollien.Hauga@bykle.kommune.no

Dato:  
31.08.2022

## Referat - dialogmøte Hartevasnuten velforeining og Bykle kommune 2022

Takk for triveleg og godt møte!  
Her følgjer utkast til referat.  
Vi ber om tilbakemelding om det er forslag til endringar.

Med venleg helsing  
Bykle kommune

Signe Sollien Haugå  
Plansjef

Sigrid Bjørgum  
rådgjevar

---

## Møte med Hartevasnuten velforening

---

fredag 26. august 2022

Tilstades:

- Bernt Pedersen, Hartevasnuten velforening-på teams
- Andre Kjetså, Hartevasnuten velforening
- Frode Stokkeland, Hartevasnuten velforening
- Eirik Birkeland, tenesteleiar TDE i Bykle kommune
- Sven Pedersen, Setesdal Miljø og gjenvinnig
- Signe Sollien Haugå, plansjef Bykle kommune
- Hans Blattmann, leiar i planutvalet Bykle kommune
- Bjørn Einar Andersen, TDE, VVA, Bykle kommune
- Sigrid Bjørgum ,rådgjevar planavdelinga Bykle kommune

Hartevasnuten velforening har ca 202 hytter pluss 28 godkjende tomter.

Hyttefeltet er utvikla over 50 år og det er utfordrande på mange måtar med ei stadig fortetting. Det er frustrasjon over dei tekniske løysingane, som er delvis av eldre dato og private.

Alle er einige i at Hovden bør vere ein heilårsdestinasjon, og då er dette område sentralt med tilgang til løyper. I den samanheng må vi sikre oss heilskaplege løysingar og sikre både praktiske og estetiske omsyn.

### Reguleringsplan for rundkjøring

Dette har vore på tapeten i fleire år. Det blir muleg oppstart 2023 på rundkjøringa.

Dette heng saman med avtalen med Uleberg, og det bidraget som han har forplikta seg til å yte inn i prosjektet.

Reguleringsplan vart drøfta, og i denne ligg det også fjellredningscenter, som ikkje blir bygd no. Det er også areal til ny Røde Kors hytte og erstatningstomter som ligg i avtalen på grunn av to hytter som må sanerast. Spielerhytta skal også sanerast.

### Trafikkareal på austsida av rv 9

Oppgradering av tilliggande trafikkareal (parkeringsplassar mv.) er ikkje del av rundkjøringsprosjektet. Desse må ev vere del av drøfting i budsjettet for 2023.

Det blir bygd kulvert og samanhengande løypenett. Velforeninga etterlyser ein utomhusplan for tilliggande areal for å sikre gode løysingar og overgangar og opprusting av desse.

Mykke er gjort av det som ligg i gøymt i grunnen, slik som straum og VA infrastruktur, men det bør vere muleg å asfaltere, helst som eit samla prosjekt, der også området rundt søppelbua er med.

Den første P plassen på høgre side er det Uleberg som eig. Det vart kommentert i delinga mellom offentleg og privat veg i høve til P-plassar. Dette bør avklararast slik at også veglaget der har noko konkret å halde seg til.

Velforeininga ønskjer at internvegar må byggast ut i samsvar med reguleringsplan , og dette blir eit samarbeid mellom veglag, grunneigar og kommune.

Intensjon om at Hovden fungerer, men kommunen blir oppmoda til å ta ansvar for gjennomføringa , då må dette takast i ein operasjon

Velforeininga blir skuffa dersom det ikkje blir orden på vegen.

Administrasjonen opplyste at ein vil legge fram dette til politisk drøfting / handsaming .

Det vart orientert om forutsigbarhetsvedtak, og ein vil vurdere om dette kan vere del av nye felles infrastrukturtiltak og om det kan inn på denne lista over tiltak i framtidige utbyggingsavtaler / rekkefølgebestemmelser.

Det vart stilt spørsmål om kva O-spp2 er, om det er parkering sommarstid for dei som går turløypa. Ikkje diskutert finansiering eller gjennomføring på fortau

Er det ingen rekkefølgekrav til dei nye 28 tomtene (fortettingstomter). Svart ut med at dei truleg blir omfatta av frivillig utviklingsavtale der grunneigar yter fast beløp per ny hytte som innskot til løypefondet.

Kva med garasjelegget- er ikkje dette riveverdig? Dette er privat bygg som ein er kjent med blir nytta som lager/dels utleige.

Når det gjeld brøyting betaler Bykle kommune noko av dette. Velet meiner at den store slitasten kjem av at Bykle kommune køyrer sund vegen. TDE har vore på synfaring her og meiner at den er meir øydelagt av andre enn kommunen jo lenger ned ein kjem. Samstundes ser ein at vassverksutbygginga kan ha medverka til skade/ekstra slitasje og at det kan vere relevant å yte bidrag ved ev oppgradering av vegen. BK må realitetsbehandle ein søknad om bidrag til vedlikehald av vegen. Velforeininga sender søknad. Gjennomføring blir ikkje før neste år

Har kommunen tinglyste rettar på veg til offentleg vassverk? Sidan kommunen har så viktige infrastrukturtiltak i området bør kommunen vurdere å overta vegen, meiner velforeininga. Her er det beredskapsomsyn også. BK har god samhandling med grunneigar og tilgjenge er tilfredsstillande i høve behov/bruk p.t. Kommunen noterer seg framlegget frå foreininga. Velforeininga sender inn innspel

## **Søppelbod**

Det fungerer greitt, men det er ønske om at det er finare bygg og asfaltert og arrondere rundt bygget. Kan samarbeide om å gjere det finare og usikker på om kapasiteten er bra nok til ekstra hytter.

SMG vil vurdere nedgravd løysing for restavfall, men dette er kostnadsspørsmål. Dersom det blir nedgravde anlegg blir det truleg ikkje så mange plassar å levere søppel.

Bygget står ikkje gunstig plassert.

På boden er det litt avflassa måling og dette skal målast opp av SMG

Det er dyrt å legge inn strøm i boden kan vere muleg med eit lite solcellepanel. SMG peika på at det er over 60 boder i Bykle og at det vil vere kostnadsspørsmål å få straum til desse, og at det kan skape forventning til likebehandling. SMG vurderer dette vidare og kjem tilbake til velforeininga med avklåring.

Skal Tykkås vere oppe feire laurdagar, vil dette kome på renovasjonsavgifter, men det vil då gjelde for alle abonnentar. Det kan også ynskje om fredag i staden for torsdagskveld. SMG har notert ynskje og vil vurdere å prøve dette ut så framt ein får bemanning.

Renovasjonsboden kan gjerast finare av velet på eige initiativ – men i samråd med SMG og kommunen. Den er framleis i kommunal eige.

## **Lys i Markens**

Her ligg det fundament til lysmaster.

Ordskifte om ev «lysstrategi» som tema framover. Ein ser at området her er opplyst allereie og at det ikkje vil vere kontroversielt å sette opp lys i traseen som er mykje nytta.

Det er snakk om lysløypa opp traseen- dette er ei budsjettsak/ ev. disponering frå løypefondet i kommunen.

Mesteparten av lysa i lysmaster i kommunen er bytta med ledlys.

Vi lover at vi skal kikke på dette nokså snart.

## **Vassforsyning**

Det er opplevd at vatnet tidvis er blitt borte i delar av feltet, slik at folk har måtte reist heim midt i ein ferie

Det er delvis løyst ved at det er oppdaga og retta opp i feil. Velforeininga etterspør ansvarsavklåring, og kven som skal bidrage i ein naudsituasjonen. Dei set stor pris på at TDE har rykka ut og løyst akutte situasjonar også på det private leidningsnettet i området.

I reguleringsplan er det sagt at eit delfelt må sikre at infrastruktur er i kommunalteknisk standard

Det er no stilt krav om tekniske planar. Her i dette område er det veldig mykje gamalt, og det er vanskeleg å gjere noko med. Dette er ein vanskeleg situasjon og her er det viktig å ha tenkt gjennom korleis det løysast. Det er semje om trong for oppgradering av VA-anlegga i området, i sær med opning for fortetting og derav større belastning og trykkfall i vassleidningar.

Kan ein tenke seg modell som i Otrosåsen med anleggsbidrag? Kommunen var byggherre med anleggsbidrag frå grunneigar. Då vart det bygd i tråd med kommunens krav, og kommunen kunne overta anlegget.

Vi kan ikkje differensiere på nettet og på avgifta, så ekstra kostnader blir fordelt på alle i kommunen.

Velet kan få pålegg om å organisere seg.

Kommunen ønsker å ha kontroll over leidningar over ein viss storleik, over 110 mm. Vi må no ha ein tanke om korleis kommunen skal ta over nye anlegg. Kommunen er uroleg for å ta over meir driftsansvar p.t.

Ein kan søke om overtaking av private leidningar, det er det kommunestyre vedtak på.

Vi kan også pålegge grunneigar å dokumentere overfor kommunen kva for slags anlegg dei har innafor feltet.

Velforeininga etterspør prinsippdebatt om ikkje kommunen burde ta overta alle leidningar?

Kommunen har 7,5 mil med leidningar som vi per i dag drifter.

På sikt vil ein spare kostnader til overtid og vedlikehald dersom kommunen tek over ansvar for dei leidningane som fins, meiner velet.

### **Løyper**

Det er viktig å sikre transportkorridorar for å kome seg ut i løyper, utan å måtte sette seg i bilen.

Ein trase som vert køyrt tidlegare med skoter gjennom Hovden aust er ynskjeleg å få køyrt opp att.

Må også sjå på den nye traseen rundt vassverket.

Vi ser på kartet og drøftar dette med løypekøyringa.

### **Hovudplan VA**

Denne gjeld fram til 2032.

Det er mange tiltak der som påverkar korleis det kan byggast ut i ulike delar av kommunen.

Ref.

Sigrid Bjørgum

Brevet er elektronisk godkjent og vert sendt utan underskrift.

Kopi til:

Sigrid Bjørgum  
Bjørn Einar Andersen  
Eirik Birkeland  
Sven Pen  
Hans Blattmann

Sarvsvegen 14  
Sarvsvegen 14  
Sarvsvegen 14